



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 24/2015

Møtedato: 2.9.15

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

S775 og F776, Jaslangen/Fosheimstølen, fråseiing av rett til utvist areal

Tordis Tildheim skriv følgjande i brev datert 15.8.15:

Jeg - Tordis Tildheim - eier av Grefsrud Gnr 75 Bnr 13 - ønsker fradeling av mitt stølsjordet på ca. 40 mål i sin helhet på Fosheimstølen i Baklia - samt den nordre halvparten av jordet på Jaslangen på ca. 10 mål.

Jordet i Baklia er Jon Magnus øyen interessert i å overta. Der er 14 mål av de ca. 40 dyrket mark.

De 10 målene på Jaslangen er Lars Jørgen Skjel interessert i å overta da han er nærmeste nabo. Dette er den dyrkede delen av dette jordet. Eventuelt er Ingar Jarstadmarken også interessert i disse 10 mål med dyrket mark.

Det er av stor betydning for meg å få omdisponert disse arealene snarest mulig. Eventuelt føre de tilbake til Statsskog, hvis det byr på utfordringer med de ovenforstående forslagene.

Imøteser rask og positiv saksbehandling.

Grefsrud 75/13 har støl på Jaslangen med ca 21 daa stølsvoll. Ved at stølsbrukar seier frå seg delar av stølsvollen blir det att ca 10 daa stølsvoll. Det er den fulldyrka delen som ein ynskjer å overføre til nabostøl. Det er to stølsbrukarar som er interessert i å overta jorda; Lars Jørgen Skjel (Landsrud 62/1) og Ingar Jarstadmarken (Solheim 44/3).



Tilheim skriv at ein ynskjer å overføre tilleggsjord i Baklie ved Fosheimstølen til Jon Magnus Øyen (Hagen 71/6). Det blir opplyst at det samla er 40 daa, der 14 daa er fulldyrka. Det arealet som er fulldyrka er F776. Resten av arealet gjeld S738. Tildheim har bruk dette arealet i mange år, den det er registert på Fosheim 70/1. Tildheim kan ikkje seia frå seg retten til eit areal som dei ikkje har fått vist ut. Stølen har vore brukt av Tildheim i over 20 år og stølsutvisinga til Fosheim har sannsynlegvis falle i det fri. Frifall av denne stølen må fjellstyret ta opp i ei eige sak. Utvising av F776 må utstå til sak om frifall av S738 er avklara.



Etter §20 i fjellova kan støl i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen. Utvist tilleggsjord kan med samtykke frå departementet overførast til bruk for ein annan eigedom med beiterett i allmenningen.

Ut frå dei opplysningar fjellstyret har i denne saka kan ein ikkje overføre tilleggsjord og deler av stølsjordet til nye brukarar. Det må fjellstyret ta opp som ei ny sak når det er lagt fram opplysningar om drift frå dei som er aktuelle til å oveta jorda. Sidan Tildheim ynskjer ei rask avklaring i saka er det foreslege at dei aktuelle areala kan leggjast i det fri og at utvising til nye brukarar blir gjort i ettertid. Etter § 22 i fjellova fell rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite ved oppgjeving frå stølsbrukar ved viljeserklæring.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret finn at F776 og halvparten av S775 fell i det fri ved skrivet frå Tildheim om at ein ynskjer å seia frå seg areala jf, §22 i fjellova. Utvising til nye brukarar blir utsett til ein har fått søknader om å få overta areala og når frifall av S738 er avklara.

Vedtak

Fjellstyret finn at F776 og halvparten av S775 fell i det fri ved skrivet frå Tildheim om at ein ynskjer å seia frå seg areala jf, §22 i fjellova. Utvising til nye brukarar blir utsett til ein har fått søknader om å få overta areala og når frifall av S738 er avklara.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.15

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Tordis Tildheim
Statskog
Vestre Slidre kommune